



Lærarrettleiing



Norden i skolan

DEN STORE NORDISKE
JULECHALLENGE 🌲



Gode lærar

Tuddelu! Jammen, det er sant, desember ... den herlegaste tida på året, når 100 forventningsfulle born skal delta i den store nordiske julechallenge! Av 50 000 søkarar er det trekt ut hundre tilfeldige born som skal vere med i den store nordiske julechallenge. Dei hundre borna konkurrerer om å få oppfylt det største og villaste ønsket sitt av julenissen. For å vinne, reiser borna rundt i heile Norden og dei skal prøve krefter med nordiske juletradisjonar.

Det du sit med her, er den nordiske julegåva di til deg frå alle oss i Norden i Skulen. I samarbeid med Beo Beo og Super Poul har vi laga ein nordisk julekalender som lydbok. Kvar dag i desember kan du saman med klassa di lytte til eit kapittel eller to og gjere oppgåvene som høyrer til i kalenderheftet. Bruk lyd-julekalenderen slik du ville ha lese ei kalenderbok i desember, som noko hyggjeleg å byrje timen med.

For kvart kapittel i julekalenderen finn de ei oppgåve i heftet. Det er viktig at elevane les heile oppgåva før de lyttar til dagens kapittel. Du kan både kopiere opp heftet eller bruke det online, men vi tilrår at du kopierer opp sidene som eit kompendium, sidan fleire oppgåver krev at elevane kan teikne strekar, sette kryss eller andre symbol. I tillegg kan elevane arbeide kontinuerleg i kompendiet og til slutt bruke det i oppsummeringa. Oppgåvene vekslar mellom samtale om det høyrde, fokus på språket, kreative oppgåver og oppgåver der dei rører på seg.

Dei skandnaviske språka og den nordiske kulturforståinga er ein viktig del av undervisninga i dei nordiske landa, og med julekalenderen *Den store nordiske julechallenge* blir det mogleg for dykk å arbeide med både desse. Forteljarstemma har ein versjon på alle språka, men dei tre hovudpersonane snakkar dansk, norsk og svensk og inviterer dermed til eit auka fokus på munnleg nabospråkforståing.

Det tar ikkje meir enn 15 minutt til saman å lytte til og arbeide med *Den store nordiske julechallenge*. Det er likevel nokre oppgåver som ein kan velje å bruke meir til på – til dømes å bake lusskattar saman på skulen (kapittel 13) om det er mogleg. Avslutningsvis skal elevane samle alt det dei har arbeidd med i kvar si brettebok, med tittelen *Den nordiske julechallenge min*.

På neste side er det ei oversikt over dei kapitla som krev særskilde førebuingar av deg som lærar.

God fornøyelse!

Norden i Skolen





Oversikt over kapittel som krev ekstra førebuingar

Kapittel 3

Kapittelet handlar om den færøyske tradisjonen om *Ræstur fiskur*. Difor er det her ei alternativ oppgåve til dei færøyske elevane. Fortel om det beste julemåltidet du veit om. Et de sperðil og ræstur fiskur heime hjå dykk? Har du vore med å lage det? Etter dette kan de med fordel snakke saman om det beste juleminnet dykkar eller kva de gleder dykk mest til med denne jula.

Kapittel 5

Kapittelet handlar om den norske tradisjonen å gå julebukk. Difor vil alternativet til dei norske elevane vere å snakke om dei norske variantane av denne tradisjonen, til dømes nyttårsbukk. Etter det kan de med fordel snakke om det beste juleminnet dykkar eller kva de gleder dykk mest til med denne jula.

Kapittel 13

Er det mogleg for klassa å bake lussekatter (ei opprinneleg svensk julebolle) på skulen? Du finn oppskrift på svensk i vedlegg 3, men bakinga krev førebuingar og innkjøp. Det er opplagt å gjere det til ei oppgåve med nabospråkleg fokus (svensktalande klassar kan vurdere å finne ei oppskrift på dansk eller norsk). I tillegg skaper det fellesskap når elevane samarbeidar om å lage mat og ha eit måltid saman.

Kapittel 14

Vedlegg 1 med Lucia-tekstane skal kopierast opp til alle elevane.

Kapittel 18

«Quiz og bytt»-brikkene skal skrivast ut og klippast ut. Borna kan ev. vere med på å klippe dei ut.

Kapittel 20

Kapittelet handlar om dei islandske julesonane. Når elevane har arbeidd med oppgåva i heftet, kan du velje å lese om dei islandske julesonane. på AtlantBib.org i boka 'Íslensku jólasveinarnir'.

Lenke: <https://tinyurl.com/s6xsvb8x>





Kapittel 22

Skriv ut sjablongen (vedlegg 4) til det grønlandske julehjartet. Han kan med fordel trykkjast på litt tjukkare papir eller kartong, slik at det er enklare å teikne etter. Sørg for å ha saks, lim og anna elevane kan utfalde seg kreativt med.

Avslutningsoppgåva

Etter det siste kapittelet er det meininga at alt det gode arbeidet elevane har gjort skal bli samla i ei brettebok med tittel: *Den nordiske julechallenge min*. Boka skal fungere som ei oppsamling av det arbeidet de har gjort med julekalenderen. De må gjerne sende bilete av bøkene til oss (kontakt@nordeniskolen.org), når de er ferdige. I den kreative prosessen kan de få bruk for papir i ulike fargar, tråd eller hyssing til å hefte saman boka med, lim, sakser osv.

